



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunane i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		12602/2013/	Gunhild Dahle, 71 25 81 73	14.03.2013

Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) - utlysing av LUK-midlar 2013

LUK-satsinga i Møre og Romsdal har som mål å setje utviklingsarbeid på dagsorden i alle kommunar, på ein systematisk og heilskapleg måte.

Fylkeskommunen vil legge til rette for at kommunar og regionar i fylket skal kunne heve kompetansen sin og gjennomføringsevna på samfunnsanalyse, planlegging og gjennomføring av lokalt utviklingsarbeid. Dette for å styrke kommunane sin attraktivitet for tilflytting og rekruttering.

Vi inviterer derfor kommunane og lokale/regionale utviklingsselskap til å søkje om midlar til gode tiltak, basert på dei utfordringane kommunane ser i arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Vi legg vekt på:

Regionalt samarbeid

Vi oppmodar kommunane om å gå saman om utviklingstiltak. Langsiktig og strukturert organisering av det interkommunale samarbeidet, basert på regionale analyser er ønskjeleg.

Kompetanseheving

Tiltaket må bidra til å heve kompetanse og gje erfaringar innan lokalt utviklingsarbeid der det vert gjennomført. Det bør også ha overføringsverdi til andre kommunar.

Innovative løysingar

Midlane er ikkje tenkt å gå til tiltak som allereie er prøvd ut. Vi ønskjer nye idèar som kan hjelpe oss å skape eit meir attraktivt Møre og Romsdal.

Særlege prioriteringar

I 2013 set vi eit særleg fokus på integrering av arbeidsinnvandrarar og rekruttering av kompetansesarbeidskraft.

Tiltaket må vere forankra i gjeldande kommunalt planverk for å kunne støttast.

Det kan ikkje søkjast om midlar til ordinære kommunale driftsoppgåver eller investeringar i kommunal tenesteproduksjon. Tiltak kan støttast med inntil 50% av kostnadsoverslag.

Vi ber om at de brukar det elektroniske søknadsskjemaet som de finn på nettsida www.regionalforvaltning.no . For meir informasjon viser vi til [Møre og Romsdal fylkeskommune sine heimesider](#).

Søknadsfristen er sett til den 1. mai 2013.

Vi vil vurdere alle søknadane samla etter søknadsfristens utløp.

Politisk behandling vert å finne stad i regional- og næringsutvalets møte den 4. juni 2013.

Vi ser fram til eit spanande samarbeid i LUK-satsinga!

Med helsing

Med helsing



Bergljot Landstad
regional- og næringssjef



Gunhild Dahle
Prosjektleder LUK